

Infohefte om skoleskyss skoleåret 2025/2026

For grunnskolar og kommunar



Kven har rett på gratis skoleskyss?

Elevar har rett på gratis skoleskyss dersom eitt eller fleire punkt under gjeld for dei:

- Eleven har lenger enn fire kilometer avstand mellom heim og skole. Første trinn har rett på fri skoleskyss dersom skolevegen er lenger enn to kilometer.
- Elevar som har varig eller mellombels funksjonshemming, sjukdom eller skade, og som på grunn av dette treng skyss for å komme seg på skolen.
- Elevar som har mindre enn fire kilometer lang skoleveg (to kilometer for første trinn), men som har ein særleg trafikkfarleg eller vanskeleg skoleveg

⇒ *Søknaden skal rettast til kommunen eleven bur i*

Retten til skoleskyss gjeld til nærskolen. For privatskolar gjeld skyssretten innanfor heimkommunen.

Detaljert rettleiar finn du på www.skyss.no/skoleskyss




Slik søker du om skoleskyss

Skolane søker om skyss for sine elevar i skoleskyss-systemet Skyss Elev, og godkjent skoleskyss blir sett opp utifrå informasjonen som skolen registrerer her.

Det er viktig at:

- Timeplanar, bustadfordelingar etc. blir kvalitetssikra før ein sender inn søknaden
- Skolen sender ny søknad dersom skyssbehovet endrar seg eller er lagt inn feil



Skolen må sette seg inn i søknadssystemet Skyss Elev og regelverket.

Kommunen/skolen har rettleiingsplikt, og skal informere elevane om skyssrettane deira.

Trinn m/timeplan for nytt skoleår

Trinn m/timeplan frå inneverande skoleår blir automatisk flytta opp til skoleåret 2025/2026, og kan ikkje bli endra av skolane. Det er derfor viktig å sjekke at tidene er korrekte, slik at ikkje feil informasjon blir flytta opp. Ved endringar må de kontakte skoleskyss@skyss.no med forklaring på kva den konkrete endringa er.

Dersom de melder inn endringar som Skyss ser kan vere utfordrande for skoleskyssen, vil vi ta kontakt med skolen. Dette er fordi dei same bussavgangane kan frakte elevar til fleire skolar.

Dersom skolen gjer endringar i start- og/eller sluttider etter fristen 1. mars kan ikkje Skyss garantere at desse blir imøtekomne, og endringar kan få konsekvensar for ventetida for elevane.

Skolerute for skoleåret

Skoleskyssen blir sett opp etter kommunen si skolerute. Avvik frå kommunen si skolerute bør bli unngått, då dette kan få konsekvensar for skoleskyssen. Ved eventuelle avvik frå kommunen si skolerute må dato som er avvikande bli meldt til Skyss (skoleskyss@skyss.no) innan 1. mars.



Avvik i sluttider (siste dag før jul etc.)

Skoleskyssen er sett opp til ordinære start- og sluttider. Ved behov for transport til andre tidspunkt må skolen bestille og ta kostnaden av denne transporten sjølv. Kontakt buss- og drosjeoperatør direkte for endringar.



Frist for innmelding av søknadar

Søknadar om skoleskyss skal bli registrert i Skyss Elev innan 1. mars.

Skolane kan flytte opp søknadar som ikkje har endringar. De må opprette ny søknad på nye elevar og eksisterande elevar med endringar.

Skyss planlegg busskapasiteten til den enkelte skole ut frå talet på elevar som er meldt inn i Skyss Elev innan fristen. Dersom det blir meldt inn mange elevar etter fristen kan dette få konsekvensar for skoleskyssen, då ein risikerer for liten busskapasitet.



Sjekk status på søknad

Vedtak vert sendt via Digipost til føresette, og skolane kan følgje med på status for søknadane i Skyss Elev

Tilrettelagt skoleskyss med drosje

All skoleskyss skal som hovudregel bli utført med kollektivtransport.

Elevar med rett til gratis skoleskyss som ikkje kan nytte seg av kollektivtilbodet, kan søkje om tilrettelagt skyss på heile eller delar av strekninga dersom eitt eller fleire av følgjande vilkår er oppfylt:

- behov for anna skyss enn buss grunna varig eller mellombels funksjonshemming/sjukdom
- manglande kollektivtilbod på strekninga der eleven har rett til skoleskyss anten på grunn av avstand eller særleg trafikkfarleg skoleveg

Ved søknad om skoleskyss på medisinsk grunnlag må skyssbehovet vere dokumentert med legeerklæring eller erklæring frå behandlande psykolog som inneheld:

- grunngjeving for kvifor eleven treng skyss
- kva slags type skyss eleven treng (buss, skyss utført med eige transportmiddel, drosje/tilrettelagt skyss)
- tidsrom for når eleven treng skyss (veker, månader, år)

Mangelfull erklæring frå lege/behandlande psykolog kan resultere i lengre saksbehandlingstid – og i enkelte tilfelle avslag på søknaden.



Skyss samarbeider med rådgjevande legar

Legane bidreg til å opplyse saker gjennom å tolke medisinsk dokumentasjon og vurdere elevar sin reiseevne i samråd med saksbehandlarane i Skyss.


Hentetider for tilrettelagt skyss

Tilrettelagt skoleskyss erstatter rutegående transport og er basert på samkøring. Skoleskyssen blir sett opp til faste start- og sluttider, og konkrete hentetider kan skolen (ev. foreldre) få opplyst av den aktuelle drosjetransportøren etter at søknaden er godkjent.

Det er viktig at det er registrert rett timeplan for trinnet, eventuelt for eleven dersom eleven har egen tilrettelagt timeplan, då det er denne som er utgangspunkt for hentetider.

Transportør kan leggje opp køyreruta slik at eleven kan komme inntil 15 minutt før første time, og bli henta inntil 15 minutt etter siste time.

Henting utanom faste hentetider i samband med akutt sjukdom fell utanfor retten til skoleskyss etter opplæringslova.



Tilrettelagt skoleskyss med egne transportmiddel

Elevar med rett på tilrettelagt skoleskyss kan søke om å utføre skoleskyssen privat/med eigen bil. Skoleskyss med egne transportmiddel skal vere søkt om i Skyss Elev og godkjent av Skyss på førehand.

For å få refusjon i samband med godkjent skoleskyss må skyssutøvar sjølv føre krav om godtgjering i Visma Expense. Refusjonskrav blir utbetalt etter faste satsar etterskotsvis, og etter endt halvår (eventuelt skoleår).

Meir informasjon finn de her: <http://www.skyss.no/skoleskyss> under "Reglement og skjema" - Refusjon av utgifter til skoleskyss. Her finn skyssutøver mellom anna rettleiar for refusjon og aktuelle skjema for føring av refusjon.




Skoleskyssbillett

Skoleskyssbilletten er berre gyldig mellom heim og skole på skoledagar, mellom kl. 05.30-19.00.

Skal eleven reise meir eller andre stader, må hen kjøpe eigen billett.

Korta er digitale og billetten er knytt til kortnummeret og ligg i «skya». Elevar som har kort frå før skal bruke det same kortet, då skolekortet er gyldig så lenge eleven har godkjent skoleskyss. Billetten vil bli automatisk oppdatert ved endringar i søknaden som for eksempel nytt skoleår, ny adresse eller ny skole. Eleven kan derfor bruke det same kortet så lenge hen går på skole, og vi oppmodar elevane om å ta godt vare på kortet sitt. Skolar som ser det som hensiktsmessig kan samle inn korta før sommaren.

Skolane vil motta skolekort for heilt nye elevar (utan kort frå før) før skolestart.



Korleis søke om kort for nye elevar *i løpet av skoleåret?*

Når ein ny elev får godkjent skoleskyss i løpet av skoleåret, blir det automatisk bestilt eit nytt kort som blir sendt til skolen. Leveringstid ca. 6 veker.

I påvente av personleg skolekort skal eleven bruke eit midlertidig skolekort som skolen deler ut. Sjå neste side for meir info.



Kva skjer om ein elev gløymer eller mistar kortet?

Om ein elev gløymer eller mistar skolekortet sitt, skal skolen ut eit **midlertidig kort**.

Dei midlertidige skolekorta er upersonlege og skal brukast om igjen. Det er derfor viktig at skolen passer på å samle inn igjen dei midlertidige korta når elev finn att sitt personlege kort, eller får eit nytt, personleg kort.

Vi anbefalar at skolen lager eit ut- og innleveringssystem for dei midlertidige korta.

Slik ser dei midlertidige korta ut:



skyss  skolekort

Dette er eit midlertidig skolekort som du skal levere tilbake når du får ditt eige skolekort.

Med skolekortet kan du reise ein tur kvar veg mellom heim og skole på skoledagar.

Skal du reise meir, eller andre stader, må du kjøpe annan billett.

Kortnummer (11 siffer)

skyss.no

Skoleskyssbillett på mobil

Elevar på ungdoms- og vidaregåande skolar kan velje å få skoleskyssbilletten i Skyss Billett appen i staden for fysisk kort.

Sjå meir info om korleis de vel dette, her: [Skoleskyssbillett](#)

I tilfelle ein elev skulle vere tom for straum eller mobildata på telefonen, vil vektarane kunne søke opp billetten ved hjelp av mobilnummeret til eleven.

The screenshot shows a mobile application interface for a school transport ticket. At the top, there is a graduation cap icon and the text "SKOLEREISE". Below this is a red and black striped bar with the time "02:52:13" in red. Underneath, it says "Gyldig til 25.05.2023, 12:00". The main section contains fields for "[Navn på skole]" and "[Navn på elev]", with a red QR code icon to the right. Below these are fields for "FRA" (with the placeholder "[Holdeplass nærmest elevens hjemadresse]") and "TIL" (with the placeholder "[Elevens skole]"). A section titled "GYLDIGE TRANSPORTMIDLER" shows three icons: a boat, a bus, and a train. At the bottom, there is a grey box with the text "Praktisk informasjon om elevens reiserett kommer i dette feltet her." and a small information icon. The footer includes the text "Kun gyldig på én reise til skolen." and another information icon.



Bussopplæring

God trafikkopplæring bør skje i samspel mellom skole og heim, men føresette har hovudansvaret for trafikkopplæringa av egne barn. Skolane har som oppgåve å gjennomføre trafikkopplæring kontinuerleg gjennom heile skoletida, og skolar som har elevar som reiser dagleg med buss bør øve på trygg bussåtferd.

I tilfelle der det er naudsynt med bussvakt på haldeplass eller under bussreisa er kommunen/skolen ansvarleg for dette. Trygg trafikk har gode øvingsoppgåver på www.tryggtrafikk.no.



Kapasitet i skolebussane

Skoleskyssen blir planlagt ut frå talet på elevar med rett til skoleskyss som er meldt inn av skolen innan søknadsfristen.

Det er viktig at skoleelevane spreier seg på dei bussavgangane som er tilgjengelege, for å sikre at alle får plass.

Dersom det likevel ofte er kapasitetsutfordringar må dette bli meldt inn til Skyss. I tilfelle med kapasitetsutfordringar der det ikkje finst tilgjengeleg ekstra bussmateriell, kan elevar utan skyssrett bli vist til det ordinære rutetilbodet.



Rettleiande reise- og ventetid



Reise- og ventetid skal vere forsvarleg både med omsyn til den enkelte elev og til ei rasjonell organisering av skyssen. I vurderinga blir gangtid, ventetid og tid med transportmiddel sett i samanheng. I tillegg vert det lagt vekt på eleven sin alder.

Skyss skal etterstreve å organisere ei samla reisetid (ein veg) innanfor følgjande rammer:

Ca. 45 min for 1.-4. trinn

Ca. 60 min for 5.-7. trinn

Ca. 75 min for 8.-10. trinn

Elevar med lang avstand mellom heim og skole må rekne med lengre samla reisetid. Ved delt bustad vil vurderingane knytt til forsvarleg reisetid kunne avgrense retten til skyss frå begge bustadane. Ventetid (og tilsyn) før og etter skoletid er eit kommunalt ansvar, jf. opplæringslova § 4-2.



Skoleskyss for elevar som ikkje går på nærskolen sin

Nokre elevar har fått skoleplass på ein annan skole enn den dei soknar til (nærskolen). I slike tilfelle skal kommunen fatte vedtak om skoleplass. I nokon kommunar vert slike vedtak fatta ved den enkelte skole.

Det vil i utgangspunktet ikkje påverke eleven sin rett til skoleskyss om dei går på ein annan skole enn nærskolen, men kommunen er ansvarleg for meirkostnadene for skyssen. Kommunen kan stille vilkår når dei innvilgar skoleplass på ein annan skole enn nærskolen, om at eleven ikkje får rett til skoleskyss utover det dei ville hatt til sin nærskole. Då må føresette syte for å dekke eventuell kostnad eller annan skyss som blir nødvendig fordi eleven går på skole utanfor skolekrinsen. Dette gjeld uansett grunnlag for skoleskyss (avstand, farleg veg eller funksjonshemming/skade). UDIR har omtalt kommunen sin moglegheit til å stille vilkår i sitt [rundskriv om skoleskyss, punkt 7.2.](#)

Ved søknad om tilrettelagt skoleskyss med drosje er det viktig at skolen legg ved det kommunale vedtaket om skoleplass, slik at Skyss ser om det er stilt vilkår.

Kommunen er ansvarleg for å fakturere vidare meirkostnader for skoleskyss til føresette der det er sett vilkår. Der det ikkje er sett vilkår er det kommunen som må dekkje meirkostnaden. Skyss tilrår at det blir avklart med føresette om dei ønskjer at det blir søkt om tilrettelagt skoleskyss for eleven, og at dei føresette blir gjort merksame på dei økonomiske konsekvensane av dette.

Kontaktinformasjon

E-post: skoleskyss@skyss.no

Telefon: 55 55 90 70, tasteval 2.

(Opningstid mellom kl. 09-12 alle skoledagar)

Nettside: www.skyss.no/skoleskyss

Skoleskyss

Det er Skyss som har ansvar for skoleskyssen i Vestland.
Elevar som har rett på dette, får innvilga gratis skoleskyss.

- NYHEIT: Skoleskyssbillett på mobil
- Skoleskyss i grunnskolen
- Skoleskyss i vidaregåande opplæring
- Ofte spurde spørsmål
- For skolane
- Reglement og skjema
- Kontakt skoleskyss

